Regleverk for reklame på kommunale idrettsanlegg

Innhald;

1. **Om regelverket.**

2. **Generelle reglar:**
   2.1 Kven kan selja reklame
   2.2 Kor kan reklamen monterast.
   2.3 Visuelt uttrykk
   2.4 Nærmiljøanlegg

3. **Tryggleik og montering:**
   3.1 Godkjente skilt til bruk innandørs.
   3.2 Godkjente skilt til bruk utandørs.
   3.3 Ansvar for montering og avhending innandørs.
   3.4 Ansvar for montering og avhending utandørs.

4. **Eigarskap og tildeling av plass:**
   4.1 Prisar.
   4.2 Erstatning av øydelagde skilt.
   4.3 Venteliste.
   4.4 Lause banner og effektar.
   4.5 Tildekking under arrangement

5. **Fjerning av skilt og løysing av tvistar:**
   5.1 Ulovleg og upassande reklame.
   5.2 Endring ved endra bruk av eigedom.
   5.3 Tvistar.

6. **Varigheit og rullering.**

1.Om regelverket:

Dette regelverket har som føremål å leggja til rette for at lag og organisasjonar på gitte vilkår kan selja reklameplass til eiga inntekt på Alver kommune sine idrettsanlegg. Vidare å syta for at reklamen vert utforma slik at det gjev eit estetisk godt inntrykk, og at ingen skilt utgjer fare for brukarar og andre. Regelverket gjeldt for ordinære idrettsanlegg som er omfatta av spelemiddelordninga og inngår i det statlege anleggsregisteret.

2. Generelle reglar:

2.1. Lag og organisasjonar frå Alver som er faste brukarar av anlegg, kan selja reklame til eigen inntekt på det eller dei anlegga kor laget har sin hovudaktivitet. Alver kommune skal ikkje sjølv selja inn reklame på dei kommunale idrettsanlegga.

2.2. Reklame kan berre seljast på plassar tilvist av Alver kommune. Disponibel plass for dei ulike anlegga og tillaten storleik på reklame, er vist i vedlegg 1. Dette vedlegget er å sjå på som ein bindande del av dette regelverket.

2.3. For å ivareta det visuelle inntrykket, skal det berre nyttast banner av den oppgitte storleiken.

2.4. Det er ikkje tillate med reklame på nærmiljøanlegg.

3.Tryggleik og montering

3.1 Av omsyn til tryggleiken, skal banner til bruk i hallar vera produsert i seglduk eller stoff. Banner skal ha tilstrekkeleg med klargjorde festepunkt. Laga står sjølv for produksjon av reklamebanner. Alver kommune tek unna rett til å fjerna reklame som ikkje lenger stettar krava til tryggleik.

3.2 Banner/skilt til bruk på uteanlegg skal vera produsert i aluplast eller tilsvarande materiale.

3.3 I idrettshallane står Alver kommune for montering og demontering av reklamebanner. Eigar av skilt står for avhending til godkjent mottak. Dette skjer ein gong per år. Frist for å varsla ønska endringar, er 31. januar kvart år.

3.4 På uteanlegg står lag og organisasjonar sjølv for montering, demontering og avhending av skilt til godkjent mottak.

4. Eigarskap og tildeling av plass

4.1 Reklame i hallar og uteanlegg er ein avtale direkte mellom laget og annonsøren. Kvart enkelt lag/organisasjon avgjer sjølv kva prisar ein sel reklameplass for.

4.2 Laga står ansvarleg for reklameskilta, og må sjølv erstatta desse dersom dei vert øydelagde.

4.3 Der det er fleire brukarar som ønskjer å selja reklame på same anlegg, gjeldt prinsippet om «førstemann til mølla». Dersom den avsette plassen er fylt opp, vert det oppretta venteliste. Lag/reklame som står på venteliste har rett på plass før utgåtte avtalar for eksisterande reklame kan forlengast.

4.4 Lause banner eller andre effektar er i utgangspunktet ikkje tillate. Unntak gjeldt for effektar som vert sett opp og fjerna for kvar gong i samband med kampar eller andre arrangement.

4.5 Reklamebanner skal ikkje på nokon måte dekkast til under trening eller andre arrangement. Unnatak gjeldt dersom anlegget er leigd ut til enkelt-arrangement der omsyn til TV-rettar eller arrangementet sine annonsørar krev at annan reklame vert dekka til.

5. Fjerning av skilt og løysing av tvistar

5.1 Alver kommune avviser ulovleg reklame, eller reklame som strid med opne og demokratiske verdiar. Vidare kan kommunen fjerna reklame som er utsett for så stor slitasje at det kan vera skjemmande for hallen. Kommunen kan vidare fjerna reklame der det ikkje er tvil om at avtalen er gått ut på dato. I slike tilfelle skal eigar om mogleg varslast.

5.2 Alver kommune kan endra plassering eller krevja reklamebanner fjerna dersom rehabilitering, ombygging eller endra bruk av anlegg krev det.

5.3 Eventuelle tvistar som skulle oppstå i samband med sal og montering av reklame, skal først søkast løyst av Alver kommune og Alver Idrettsråd i fellesskap. Dersom det ikkje oppstår semje, har Alver kommune avgjerdsmynde.

6.Varigheit

Regelverket gjeldt inntil vidare. Det kan takast opp til rullering ein gong per år, dersom Alver idrettsråd eller Alver kommune bed om det. Ønske om rullering må i slike høve vera fremma innan 1. september.

Vedlegg;

Oversikt over tillaten storleik og plassering av reklame for dei ulike anlegga.